



# Syril årsmøte 21. mars 2024

Frammøtte: Elianne Eggum, Sindre Ramung, Ronny Rydningen, Arild Bjørk, Torill Felde, Olav Haugen, Erlend Husabø, Nils Magne Slinde, Nils Henjum, Martin Stølen, Torhild Brudvik

## Saksliste

### Sak 1: Opning

Ynskjer velkommen

### Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste: Godkjent

Møtet er annonsert i Sogn avis, lagt ut på syril.no sine nettsider, og lagt ut i hovudstyret si Spond-gruppe.

### Sak 3: Val av ordstyrar og referent: Godkjent

Ordstyrar: Elianne Eggum, referent: Ronny Rydningen

### Sak 4: Val av to medlemmar til å skrive under protokoll:

Torill Felde og Martin Stølen

### Sak 5: Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2023: Godkjent

Merknad på årsmeldinga: Elianne rettar opp skrivefeila som har komme med i årsmeldinga før denne blir levert til fylkesarkivet, og før den blir lagt ut i digital versjon på syril.no.

### Sak 6: Medlemskontingent 2025: Det blir ingen økning i kontingensten for 2025.

Medlemskontingent 2025: Det blir ingen auke av kontingensten for 2025. Det vil vera mogleg å ta et ekstra ordinært møte til hausten om det skulle oppstå en situasjon som gjer at vi trenger å auke den.

### Orientering om nye faktureringssystemet på årsmøtet

Det nye systemet er ei forenkling av innhenting av medlems og treningsavgift. Det har vore nokre barnesjukdommar no i byrjinga - der familiemedlemmer har blitt tilsendt faktura på det enkelte medlem, i staden for samla. Dette har vorte retta opp fortlaupande. På den positive sida, så har denne oppryddinga gjort til at vi får eit ryddigare system med meir oppdatert informasjon om medlemmane våre.

### Sak 7: Framlegg til budsjett 2024: Vedtekne

### Sak 8: Innkomne saker

8a) Fotball: Tildelt midlar til innkjøp av traktor

Erlend presenterer:



Fotballgruppa har vore i dialog med andre klubbar i området som har gjort tilsvarande. Bana er på overtid, men det skal ikkje forringe kvaliteten at ein byrjar med brøytning. Det har vore synfaring på bana og det vil bli passa på at ein ikkje brøyer granulat ut i naturen.

Det skal ikkje vera heilårstrening for dei yngste i fotball, men bana skal leggast til rette for dei eldste ungane, for organisert treningsstid vinter. Dette er også eit viktig bidrag for allmenta elles i Leikanger, då det er store brukargrupper utanom Syril-medlemmar som nyttar bana til uorganisert trening og i skuletid.

**Forslag til avgjersle:** Årsmøtet vedtek å tildele fotballen midlar til å brøyte på bana.

8b) Fotball og friidrett: Klubbhus på Syril stadion

Erlend presenterer. Friidrett og fotballen set saman ei arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med forslag til korleis ein kan utbetre klubbhuset. Klubbhuset skal vera for alle gruppene, og det er viktig at alle gruppene også då bidreg inn i arbeidet for å sikre brei forankring og eigarskap til klubbhuset. Klubbhuset skal være for alle gruppene og alle gruppene bør være involvert for å få eigarskap til klubbhuset.

**Forslag til avgjersle:** Årsmøtet vedtek at fotball, saman med friidrett går vidare med å planlegge oppgradering av klubbhus, og ynskjer at dei skal komme tilbake til styremøte med planane på eit seinare tidspunkt.

8c) Fotball: Midlar til å søke støtte til delar av førarkort-kostnad til minibuss  
Erlend presenterer.

Spørsmål: Kva gjer andre klubbar? Undersøke andre klubbar om dei har liknande ordningar.

**Avgjersle:** Årsmøtet er positive til tiltaket, men vil gjerne sjå om det er mogleg å få delvis finansiert lappen via sponsing.

Årsmøtet vedtek at initiativtakarar til tiltaket undersøker med nærliggande klubbar om kva ordning dei har, mens arbeidsutvalet undersøker mogleiken for sponsing.

8d) Volleyball: Volleyball som eiga særgruppe  
Martin presenterer.

**Forslag til avgjersle:** Årsmøtet vedtek at volleyballen skal bli eiga særgruppe under Syril IL.



## Sak 9: Val Syril 2024

**Konklusjon:** Det blei gjort samråystes val i tråd med framlegg (sjå vedlegg for liste over dei som er valt inn).

### Ymse:

1: Informerer om at AU ynskjer å sette i gang arbeid med å utarbeide handlingsplan for Syril IL.

Handlingsplanen vil sei noko om kva som er visjonen og hovudmåla for laget. Den skal også innehalde tiltak som må til for å nå hovudmåla i planen. Vi ynskjer å styrke klubbidentiteten og skal fortelje andre om kva Syril har å tilby og kva vi står for.

Dette vil AU jobbe med fram mot neste styremøte, og målet er å ferdigstille denne til hausten. Vi ynskjer brei involvering og innspel frå både særgruppene, men også blant foreldre.

Sportsplanane for kvar særgruppe skal vera i tråd med det som står i handlingsplanen til hovedlaget.

Arbeidet blir sett i gang på bakgrunn av både ynskje frå foreldre om å at det er tydlegare retningslinjer i Syril, slik at det ikkje utviklar seg i negativ retning til å bli ein foreldrestyrt klubb. I tillegg er det også eit ynskje frå AU om å styrke Syril som klubb og tydlegare fortelje omgjevnadane kva vi står for og kva vi har å tilby. Det er også motiverande å ha mål og tiltak å jobbe mot.

2: Innhenting av sports-sponsor

Vi vil gå i dialog med Unisport og Intersport og framforhandle avtale om sponsing så raskt som råd.

3: Presentasjon av Inkluderingsfondet av Nils Magne Slinde. Sjå vedlegg.

Leikanger 21. mars 2024

Torill Felde  
Torill Felde

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Martin Stølen".  
Martin Stølen



**Vedlegg 1:**  
**Val Syril 2024**

Valnemnda sitt forslag:

<b>Arbeidsutvalet:</b>		
Leiar	Elianne Eggum	attval
Nestleiar	Sindre Ramung	ny
Kasserar	Arild Bjørk	ny
Sekretær/styremedlem	Ronny Rydningen	attval
Ekstra styremedlem (nytt verv)	Olav Øyen	ny
<b>Friidrettsgruppa:</b>		
Leiar	Torhild Brudvik	attval
Nestleiar	Tom Engan Nesvåg	ny
<b>Handballgruppa:</b>		
Leiar	Olav Haugen	attval
Nestleiar	Ragnar Brevik	attval
<b>Skigruppa:</b>		
Leiar	Inga H. Halsnes	attval
Nestleiar	Ronja Vangsnæs	attval
<b>Trim- og merkegruppa (inkl. innebandy):</b>		
Leiar	Eva Hamre	attval
Nestleiar	Ingar Hals	attval
<b>Barnegruppa:</b>		
Leiar	Deta Gasser	attval
Nestleiar	Eddie Borlaug	attval
<b>Volleyball:</b>		
Leiar	Martin Stølen	
Nestleiar	Christian Kleiven	
<b>Symjegruppa:</b>		
Leiar	Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa vert det ikkje gjort val	
<b>Fotballgruppa:</b>		
Leiar	Erlend Husabø	ny
Nestleiar	Frode Berge Alme	ny

**Revisor:**

	Tony Borlaug Udvin Einar Skarsbø	attval attval
--	-------------------------------------	------------------

**Hyttestyre skihytta**

	Gro Selås Susanne Svardal	attval attval
--	------------------------------	------------------

**Styringsgruppa Kjeringi Open**

	Roar Vangsnæs Karl Erik Johnsen	attval attval
--	------------------------------------	------------------

**Valnemnd:**

Leiar	Valnemnda vert sett saman av dei som går ut av	
Medlem	gruppene:	
Medlem	Torill Felde Marit Anita Skrede	